

Marianne Dørum Gangås
Naustdalslia 17
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3171 - 21/42940

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
19.06.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 196/156 Midtgård


Tiltak: Dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 196/156
Tiltakshavar: Marianne og Kjell Arne Gangås

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 07.04.2021. Vi beklagar sein tilbakemelding. Dette skuldast redusert saksbehandlingskapasitet hos kommunen.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Grunnlagt søknad om dispensasjon.
Dispensasjonen krev grunnlagt søknad. Det må i søknaden gjerast greie for at omsynet bak byggegrensa ikkje vert sett vesentleg til side og at fordelane er større enn ulempene.
2. Tiltaket må teiknast inn på kommune sitt situasjonskart. Vedlagt følgjer kart. Tiltaket sine ytre hovudmål, avstand til nabogrense og midt veg må førast på situasjonsplanen.
3. Vegeigar må varslast. Eigar er Fløssvika Utvikling AS.
4. Det går fram av kommunen sitt leidningskart at det ligg kommunale vass- og avløpsleidningar i vegen.



Etablering av tiltak i ein avstand på mindre enn 4 meter frå kommunalt leidningsnett krev samtykke frå kommunen si avdeling for samferdsel, veg, vatn og avløp.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan **01.08.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det er kommunen si førebelse vurdering at etablering av nytt tiltak på eigedomen må skje innanfor regulert byggegrense.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart gbnr 196-156

Mottakarar:

Kjell Arne Gangås
Marianne Dørum Gangås

Naustdalslia 17
Naustdalslia 17

5915 HJELMÅS
5915 HJELMÅS